

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Arkivsak: 12/630-3 / Journalpost: 12/6378
Arkivkode: 002
Avd/Saksh: EH
Dykkar ref:

DALE 03.10.2012

**MELDING OM VEDTAK - FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I INNDELINGSLOVA -
HØYRINGSUTTALE**

Det er gjort vedtak i saka slik det framgår nedanfor:

Utval: Formannskap/plan- og økonomiutvalet
Møtedato: 01.10.2012
Sak: FPØ-077/12

Vedtak:

Framlegget til uttale vert vedteken slik det ligg føre.

Rett utskrift


Sølvi Legård
Politisk sekretær

Vedlegg:
HØYRINGSUTTALE SOM GJELD FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I INNDELINGSLOVA

Framlegg til høyringsuttale som gjeld framlegg til endringar i Inndelingslova.

Overordna syn:

Vaksdal kommune ynskjer å presisera at endringar i kommunestrukturen må sjåast i ein større samanheng tufta på;

- endringar i oppgåveløysinga til kommunane,
- kva for rolle kommunane skal spela i samfunnsutviklinga,
- endringar i kommunikasjonstilhøva,
- teknologiutvikling,
- behov for kompetanse,
- forholdet mellom ressursbruk til tenesteyting og administrasjon
- behovet for å skapa robuste kommunar

Føremålet med Inndelingslova bør presiserast:

Føremålet med inndelingslova bør vera å opna opp for mindre justeringar av grensene mellom to kommunar eller fylkeskommunar. Det bør takast inn i definisjonen av ”mindre justeringar” at endringane av grensene ikkje bør påverka folketalet meir enn t.d. X% i dei kommunane (fylkeskommunane) som vert omfatta av grensejusteringa.

Den politiske styringstrukturen av landet bør fastsetjast av sentralmakta;

1. Kor mange nivå skal ein ha (statleg, regionalt og lokalt nivå)?
2. Kor mange regionar skal ein ha?
3. Kor mange kommunar skal ein ha?

Endringar av kommunikasjonar kan skapa grunnlag for endring av kommunestrukturen. Endra kommunikasjonsmønster kan difor og gje grunnlag for mindre grensejusteringar.

Oppgjer mellom kommunane:

Hovudprinsippet må framleis vera at ein kommune rår over dei skatteobjekta som ligg innanfor dei til ei kvar tid gjeldande kommunegrensene.

Ved mindre justeringar av grensene – føreteke etter Inndelingslova – kan viktige skatteobjekt skifta eigar. Dette kan t.d. vera kraftverk som genererer naturressursskatt, konsesjonskraft, konsesjonsavgift og eigedomsskatt. Vaksdal kommune meiner at det i slike saker må vera rimelege overgangsordningar, og at desse overgangsordningane må fastsetjast i inndelingslova; ”Den kommunen som overtek eit område som utløyser eigedomsskatt knytt til kraftanlegg, betaler tilbake til kommunen som må gje frå seg området, ein del av denne delen av eigedomsskatten med nedtrapping over 15 år. Konsesjonskrafta blir verande i kommunen som må gje frå seg området, udelt i 15 år.”